

Årsmelding 2025

Hjelme og Blomvåg sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Hjelme og Blomvåg sokn



2. pinsedagsgudsteneste på Gløvro

Hjelme og Blomvåg sokneråd



Erling Vik
Soknerådsleiar

Innleiing

I 2025 feira me 150-årsjubileum for Hjelme gamle kyrkje. Det vart ei verdig og fin markering for kva kyrkja har vore og betydd for folket gjennom alle desse åra.

På altertavla i denne gamle kyrkja står «KOM TIL MEG ALLE». Og det er nettopp dette me skal være med å formidla i dag også.

Det er Jesus som seier dette og som sender ut denne invitasjonen. Den er absolutt til alle. Her er inga rangering eller kvalifikasjonskrav, det gjeld absolutt alle. Invitasjonen er gitt, kva vil du svara til den? Det er du som personlig må ta imot og takka ja.

Hjelme og Blomvåg sokn ynskjer gjennom vårt arbeid at alle skal bli kjent med denne invitasjonen. Jesus venter på ditt ja!!!

Ellers må det rettast ei stor takk til alle tilsette og frivillige som veke etter veke står på for at me alle skal få ha eit slikt rikt og varmt felleskap.

Soknerådet 2025

Soknerådet har handsama 73 saker i 2025 og består av: strategiarbeid, offersøknadar, fellesskapskveldar, julefest og andre samlingar, ungdomsteam, samt økonomi og budsjettsaker. Ellers står Naturlig

Menighetsutvikling (NaMu) fast på soknerådet sin dagsorden.

Faste medlemer: Erling Vik (leiar), Aina Elisabeth Hellesund (nestleiar), Gisle Kårbø Rong, Steinar Konrad Blom, Martin Jonas Nakken Hellesund og Therese Dale Gerhardsen. Fast møtande varamedlem: Gustav Magne Landro. Sokneprest Espen Sigve Tveten møter fast i soknerådet og Kari Sandøy Rong er sekretær.

Gudstenestelivet

Soknerådet er oppteken av at gudsteneste våre skal ha variasjon og at dei skal vere for menneske alle aldrar. Alle er velkomen. Det ligg styrke i å møte Gud saman med andre. Soknerådet legg vekt på at gudstenestene skal opplevast som inkluderande og at menneska som kjem til gudstenesta skal oppleve å bli møtt og sett på ein god måte. Det er variasjon i innhaldet som t.d. sprell levande gudstenester som er lagt opp for barn og unge sitt engasjement i gudstenesta. I forlenginga av dei fleste gudstenester har vi kyrkjekaffi, den gir oss ein flott arena for å sjå kvarandre og styrke våre relasjonar i fellesskapet.

Samarbeid mellom ulike forsamlingar og kyrkjelydar er viktig. Det er godt å stå saman med andre. Samarbeidet omkring Refuel Weekend og gudstenesta på Vik bedehus på Kristi himmelfartsdag er derfor veldig verdifullt.

Fellesskapet i kyrkjelyden

Soknerådet arbeider for eit godt fellesskap også utanfor gudstenestene. I årshjulet vårt er fellesskapskveldar, morgonmesser, påskekveid, julefest med meir faste møtepunkt gjennom året som vi håper gir rom for å skape meir varme relasjonar og fortrulegheit inn i vårt fellesskap. I 2025 var det arrangert "Song- og musikkhelg" i Blomvåg kyrkje med ulike arrangement for små og store. For å styrke kyrkjelyden satsar soknerådet på arbeidet med varme relasjonar og livsnære grupper. Me tek regelmessige analyser av livet i kyrkjelyden og i 12 år har det vist seg at me har mest å henta på å arbeide med varme relasjonar og livsnære grupper. Relasjonane har vorte varmare, det har blitt fleire grupper, men det kunne ha vore fleire. Me har eigne samlingar for leiarar av mindre grupper.

Misjon

Å drive misjon er grunnleggjande viktig i ein kristen samanheng. Misjon er ikkje berre noko me gjer, det er noko me er. Om me ikkje er ein misjonerande kyrkjelyd stoppar veksten opp. Kyrkjelyden har tre

misjonsavtalar. Me er engasjert i misjonsarbeid i Thailand gjennom ein avtale med NMS og IMI-kyrkja i Stavanger (Normisjon). Og i Egypt støtter vi «Stefanusbarna» gjennom Stefanusalliansen. Dette ser vi igjen i kyrkjelyden ved stort engasjement frå konfirmantane i form av bøsseinnsamling og misjonsløp.

Skjergardsheimen

Skjergardsheimen er svært viktig for leirarbeidet i regi av kyrkja. Det er Hjelme og Blomvåg sokn som er eigar av leirstaden. Leirstaden har eige styre og er eit A/S for å oppfylle formelle krav til selskapsform. Det er store oppussingsbehov på leirstaden. Kyrkjelyden må arbeide med spørsmålet: Kva skal Skjergardsheimen vere i framtida?

Jubileum for Hjelme gamle kyrkje

I fjor markerte me at gamlekyrkja var 150. Det vart ei storstilt jubileumsveke som viste at bygdefolka er glad i kyrkja si. Soknepresten skriv meir om jubileet.



I anledning 150-årsjubileet til
Hjelme gamle kyrkje var det designa
og strikka egne jubileumsvottar
som soknepresten viste fram under
jubileumsgudstenesta.



Årsmelding frå soknepresten



Espen Tveten
Sokneprest

Om eg frys på hendene, har eg det siste halvåret tatt på meg meg dei grøne Hjelmevottane. Garn og mønster vart seld til inntekt for jubileet for Hjelme gamle kyrkje og eg fekk sjølv eit sett med gode ullvottar. I vottane går det nyttige og det symbolske hand i hand. Vottane varmar sjølv sagt, men på vottane finst og datoar og symbol frå gamlekyrkja. Det passar godt for den

kristne trua. Ho knyt saman gammal tradisjon og notid, og trua er nyttig i kvardagslivet og skal gje oss varme hender, varme hjarte og varme sinnelag.

I året som har gått har me som kyrkjelyd på ulikt vis gjeve varme til menneske i både glede og sorg, unge som eldre. Me har eit stort og breitt arbeid og når mange. Eg er begeistra over alt arbeidet som vart lagd ned av alle frivillige og tilsette i kyrkjelyden. Kyrkjelydens mål for året som ligg bak og for det som kjem er å gje varmen og frelsa få Gud vidare.

Statistikk

Gudstenestelivet

Talet på gudstenestedeltakarar og nattverdsdeltakarar har vore veldig jamne dei siste åra. Det er positivt å merka seg at gudstenestedeltakinga er lik som i fjor med langt færre konfirmantar. Me har også kutta ut nokre gudstenester (2. påskedag og 2. pinsedag). I snitt er det 106 menneske på gudsteneste og 56 til nattverd. Det er verdt å merka seg at vigseltala framleis stig. I fjor var det 20 vigslar. Talet har vore jamt stigande frå fire i 2021.

Dåp og konfirmasjon

Frå kyrkja sentralt er me bedne om å følgja særskilt med på tala for dåpsbarn og konfirmantar. I fjor vart det hos oss døypt 37 barn av 44 fødde. I tillegg har fire born vorte døypte i andre kyrkjer. Dette talet er stabilt sett i lys av førre år. I fjor hadde me det minste konfirmantkullet på mange år. Men prosentvis oppslutnad er omtrent som tidlegare år.

Kyrkjejubileum

Me gjennomførte ei stor jubileumsveke for Hjelme gamle kyrkje som var 150 år hausten 2025. Spesielt gledeleg var det å sjå det store lokale engasjementet til bygdefolket. Svært mange 50 frivillige vart involverte. Tjeldstø skule brukte ein skuledag i gamlekyrkja og fekk eit godt program med kyrkjhistorie, opplevingar og servering av tradisjonsmat. Det var konsertar, basar, og festgudsteneste. Etter gammal tradisjon vart presten rodd til kyrkja, og det var mange robåtar med i følget. Til jubileet vart det gitt ut eit festskriv og området rundt kyrkja vart opprusta.

Trusspråk


I 2025 har me i ulike fora snakka om trusspråk. Det er «Naturlig menighetsutvikling» som har gjeve oss innblikk i at ulike menneske har ulike trusspråk. Nokon opplever Gud nærast på ei gudsteneste, andre må ut i naturen for å søka Gud, medan nokon opplever Gud nær når dei får dela evangeliet og så vidare. Gud openberrar seg på ulike måtar og me kan bli bevisste vårt eige hjarte- og trusspråk. Slik kan me samtidig lettare respektere andre si trusform.




Statistikk

DELTA KING PÅ GUDSTENESTER


Antal gudstenester under årstal




ANTAL DØYPTE OG FØDDE




I 2025 vart det døypt 37 barn av 44 fødde. Desse tala kan vera unøyaktige sidan mange ikkje vart døypte i året dei vert fødde.



ANTAL KONFIRMERTE



ANTAL GRAVFERDER



ANTAL VIGDE



Årsmelding frå diakonimedarbeidaren



Ellen Ebbesvik
Diakonimedarbeider

Diakoniarbeidet i 2025 har vore variert og innhaldsrikt. Diakoniutvalet har bestått av diakonimedarbeidaren og fire frivillige.

I år fekk me ha alle dei planlagde formiddagstreffa våre. Ein torsdag i månaden møttest 30-40 personar til drøs, song, mat og åndeleg påfyll. Vår kantor Øystein Steinsland er fast akkompagnør

og bidreg også med solosong. Gjennom året har me hatt besøk av fleire ulike menneske. Vi avslutta året med adventssamling i Hjelme kyrkje. Gode timar med sosialt samvær, mat, andakt og song.

I Hjelme kyrkje har me song- og salmekveld ein tysdagskveld i månaden med oppmøte av 25-30 personar kvar gong. Me song kjente og ukjente songar og salmar. Nokre kveldar fokuserte me på ein songforfattar. Det var alltid ein gjest som fortalde om sin song og kvifor den er viktig. Ein pause med litt kaffi, te, frukt og ein drøs vart det også tid til. Den siste samlinga før sommaren var 17. mai-festen. Den samla 39 personar frå heile soknet. Dette er ei innhaldsrikt samling med tydeleg Jesus-fokus, der menneska skal bli sett og dei nære relasjonane styrka.

I året som har gått, har me hatt ni kveldssamlingar med "Småprat med noko attåt" på kyrjekontoret, Rong. Ei uformell samling med lav terskel, der folk kan komme og berre vere seg sjølv. Nokre kjem med og nokre utan handarbeid. Eit viktig arbeid med å styrka nære relasjonar. Vår første basar blei helde 1. mai i

lokala til Blomvåg barnehage. Her var mange frivillige involvert. Det blei servert heimelaga kaker til over 200 menneske og vi fekk svært mange flotte gevinstar levert. Dagen innbrakte kr. 85.000 som heilt uavkorta gjekk til ungdomsarbeidet i Hjelme og Blomvåg sokn.

Målet er ein basar på våren 2026, der midlane skal gå uavkorta til ungdomsarbeidet i soknet vårt.

Sorgarbeidet er ei viktig diakonal teneste. I år arrangerte me ein felles sorgkveld i Foldnes kyrkje. Dette året var det tre personar som delte frå sitt eige liv i møte med sorg og kordan det er å leve med sorga. I forkant av Allehelgensgudstenesta i Blomvåg, hadde me stand på Rong Senter. Soknepresten, diakonimedarbeidaren, diakoniutvalet og representant frå soknerådet delte ut lys og materiell. Me fekk fleire gode, men korte, samtalar med dei som kom bort til standen.

Alle pårørande som hadde mista ein av sine sidan allehelgensdag 2024 var spesielt inviterte. Me las opp alle namna og tente lys for dei avdøde.

Diakonmedarbeidaren tilbyr samtalar/heimebesøk. Dette inkluderer både sjelesorg og sorgarbeid. Dette arbeidet har hatt ei auke sidan 2023. Me har også friviljuge som reiser på besøk for samtale over ein kaffikopp.

Planane framover i 2026 er å ha ei aktiv diakoniteneste i soknet. Faste arrangement som formiddagstreffet, song- og salmekveld, småprat med noko attåt fortset som tidlegare. Det gir stor glede i arbeidet å sjå at det kjem fleire og fleire på arrangementa våre.



Årsmelding frå kyrkjelydspedagogen



Hogne Berland
Kyrkjelydspedagog

«Då steig Jesus fram og tala til dei:
«Eg har fått all makt i himmelen
og på jorda. Gå difor og gjer alle
folkeslag til læresveinar: Døyp dei til
namnet åt Faderen og Sonen og Den
heilage ande og lær dei å halda alt
det som eg har bode dykk. Og sjå,
eg er med dykk alle dagar så lenge
verda står.» Matt 28,18-20

Jesus bed oss om å både
døypa og læra. Her kjem nokre glimt og tal frå
trusopplæringsarbeidet i Hjelme og Blomvåg i 2025.


Ungdomsteamet

Vi er no inne i det tredje året med ungdomsteam i
samarbeid med Helgeland folkehøgskule. Frå hausten
er det desse fire som er med oss: Ovedie Tangvik,
Karen Orre Rye, Bjørnar Bull Karlsen og Jonatan Olsen.
Dei gjer ein kjempeflott jobb og er populære blant
borna og ungdomane. Teamet utgjer ein stor ressurs
for kyrkja sitt trusopplæringsarbeid.

Leirane på Skjergardsheimen

Oppslutnad på barneleir i forhold til talet på døypte i
målgruppa dei siste åra:

DELTAKELSE PÅ LEIR



I tillegg deltok 55 ungdomar på ungdomsskuleleir i juni.
Målt i forhold til tal på døypte går altså leirdeltakinga
ganske mykje opp i 2025. Sidan leirplassen vår slit
med eit stort etterslep på vedlikehald trengs det tiltak
i løpet av 2026 og framover for at leirplassen skal vera
mogleg å bruka. Økonomien er slik at dette må gjerast
på dugnad. Ei dugnadsgruppe har starta på noko
arbeid. Her håpar vi mange frivillige har lyst å bidra
framover.



K2

K2 er tilbudet vårt for dei som går i 10. klasse. Frå hausten slo vi saman 10. klasse og 1. klasse vgs og hadde felles samlingar for dei. Dette er ein gjeng som trivst godt i lag. Ein typisk kveld samlar mellom 12 og 18 ungdomar i teamhuset på Vik til trongt og godt, kristent fellesskap. Dette er ein flott gjeng ungdomar som bidreg mykje som leddarar på leir, på Refuel og i andre samanhengar. Mange av dei som går i 10. klasse planlegg å flytte på kristne internatskular etter sommaren. Dette trur vi vert bra for dei, sjølv om vi mister dei i miljøet her.

Bibelgrupper

Det finst fleire aktive bibelgrupper for barn og ungdom her ute no. Nokre bruker kyrkja ressursar inn i. Dette gjeld blant anna ei gruppe for 8. klasse (ca. 8 personar) som samlast hos ungdomsteamet på Vik og ei gruppe for 10. klasse/1. kl. vgs som møtes hos Roar Barmen-Fløisand og Hogne Berland (cirka 15 personar). Utanom dette kjenner vi til at foreldre driv både ei guttegruppe og ei jentegruppe for 5.-7. klasse. Vi ønskjer å halde fram fokuset på å starte bibelgrupper.

Anna

Etter fleire år med mykje fråver på konfirmantundervisninga, ser vi i haust ein annan trend. Det er mykje mindre fråver i år og konfirmantane er flinke til å følgje opp gudstenester og klubbar som dei skal delta på.

I 2025 arrangerte vi ranselbøn for dei nye 1. klassingane for andre gong. Dette var eit av dei nye tiltaka som kom inn etter revideringa av trusopplæringsplanen. Her inviterer vi dei som nett har starta på skulen til ei gudsteneste i slutten av august. Dei kan ta med seg ranselen, gå inn i prosesjon og dei får kome fram og bli bedt for i gudstenesta. Dei får også ei gåve. Ti 1. klassingar deltok i 2025. Vi synes det er fint at kyrkjelyden kan vera med og be for dei nye skuleborna og ønskjer å halde fram med dette og gjere det endå meir kjent.

I samband med 150-årsjubileet til Hjelme gamle kyrkje i september, flytta heile Tjeldstø skule ein skuledag til Hjelme. Her fekk dei gå kyrkjevegen, besøke kyrkja og delta på ulike stasjonar. Skulen var begeistra og ga fine tilbakemeldingar på opplegget. Vi har mykje fast samarbeid med skulane gjennom året, men det er kjekt å kunne invitere dei ekstra ved slike særskilte høve.



Årsmelding frå kantor



Øystein Steinsland
Kantor

Kyrkjemusikalsk arbeid

Jubileum Hjelme gamle kyrkje 150 år. Gudstenester, gravferder, vigslar, institusjonsbesøk, konsertar, føremiddagstreff, salmekvelder, Vi syng jula inn, samarbeid med grunnskule/barnehage, medverknad frå ulike musikkaktørar som: solistar, songgrupper, instrumentalistar og lydteknikarar

- Jolekonsert i Blomvåg med Rong brass
- Konsert med alle kantorane i Sund 26. oktober
- Allehelgenkonsert 26. oktober i Hjelme med Vivian Steinsland
- Orgelkonsert 13. juli i Hjelme ved Øystein Steinsland
- Fellesskaphelg 14.-15. juni i Blomvåg med Song og musikkveld laurdag, og Song og musikk gudsteneste søndag
- Jolefest i Hjelme 5. januar med Kor Harmoni og Småbarnssong

Viktige musikalske hendingar i 2025

- Jubileum Hjelme gamle kyrkje 150 år, 31.08-07.09
 - Konsert med Kor i Øygarden og Aud-Karin Lønvik
 - Konsert med Øygarden Skulemusikkorps, solistar frå kulturskulen og Karen-Oliva Solheimslid
 - Basar med songinnslag av Mari Askvik
 - Jubileumsgudsteneste m bl.a Øygarden kyrkjebrass
- Vi syng jula inn i Blomvåg med Skulemusikkorps
- Vi syng jula inn i Hjelme med Lyskasteren
- Romjolskonsert i Hjelme med Karen-Oliva Solheimslid

Hjelme kyrkje 150 år

Årets storhending var jubileet til Hjelme gamle kyrkje. Her fekk me oppleva eit stort lokalt engasjement. Det er flott og rørende å sjå korleis lokalsamfunnet stiller opp og steller i stand ei skikkeleg festeveke med mange flotte arrangement. Takk for innsatsen!

Frivillige musikkrefter

Dei frivillige musikkreftene er ein stor resurs for soknet og dei berikar oss med fine musikalske opplevingar. Gospel Teens, Lyskasteren, Kor Harmoni, Småbarnssong, Øygarden Skulemusikkorps, ulike

instrumentalistar, band, songarar og lydteknikarar. Tusen takk for deira bidrag. I sommar arrangerte ungdommar ein spontan lovsongskved, der mange ungdommar og vaksne var til stades.

Jobben som kantor/seksjonsleiar

I 2025 har eg spela v 138 tenester i Øygarden kommune. (Gudsteneste, vigsel, institusjonsandakt, gravferd) + 11 føremiddagstreff, 7 salmekvelder, 9 konsertar.

Eg har framleis rolla som fagleg leiar for kyrkjemusikkseksjonen. Dvs at i faglege spørsmål vert eg rådført. Bodil Lee Espedal har teke over rolla som seksjonsleiar for kyrkjemusikk.

Eg er så heldig å ha mange gode flinke kollegaer rundt meg. Miljøet i staben på Rong er godt, arbeidsoppgåver er godt planlagt og informasjonsflyten er god.

Kontakten med kyrkjelyden kjennes open, inkluderande og positiv.

Jobben som kantor vert opplevd som meningsfull og verdfull. Her møter ein folk i alle livsfasar der ein gjennom musikken kan røre ved noko djupt og grunnleggjande.

Visjonar for framtida

I 2026 er me litt tilbake til normalen, ingen store jubileum eller liknande i år. Ønskjer halde fram med å ha med solistar på gudstenestene. Oppretthalde og støtte musikalsk samarbeid med bedehusmiljøa. Ta vare på det gode arbeidet som vert gjort, men samstundes ha rom for utvikling og fornying.

Få til eit engasjement rundt kyrkja frå alle som bur i kommunen, og at dette skapar gode oppvekstmiljø der folk kjenner seg sett og opplever livsglede.



Medarbeidarane i Hjelme og Blomvåg sokneteam:

Medarbeidar	Stilling
Espen Tveten	Sokneprest og sokneteamleiar
Øystein Steinsland	Kantor
Kari Ragne Sandøy Rong	Administrasjonskonsulent
Ellen Ebbesvik	Diakonimedarbeidar
Kari Synnøve Bekkenes	Kyrkjetenar
Solveig Børve Skjold	Helgekyrkjetenar
Janesh Amenya	Kyrkjegardsarbeidar
Hogne Berland	Kyrkjelydspedagog
Bjørnar Bull Karlsen	Ungdomsteam
Jonatan Olsen	Ungdomsteam
Karen Orre Rye	Ungdomsteam
Ovedie Tangvik	Ungdomsteam

Årsrekneskap for Hjelme og Blomvåg sokneråd 2025

Hjelme og Blomvåg sokneråd har i 2025 hatt eit samla positivt resultat før avsetjingar til fond på

kr 24.789, dersom ein held utanfor Gospelteens. Gospelteens har eit underskot i 2025 på kr 51.648 som vert dekkja av Gospelteens sitt eige fond. Samla utgifter eks. Gospelteens utgjer kr 982.387 og samla inntekter utgjer kr 1.007.176. Mindreforbruket er foreslått avsett til disposisjonsfond.

Offer og innsamling til eigne formål i 2025 utgjer kr 87.419 fordelt på kr 23.060 til barne- og ungdomsarbeid, og kr 64.359 til anna kyrkjelydsarbeid. Offer til andre formål utgjer kr 184.798, av dette er kr 30.491 til misjonsprosjekt Thailand og kr 10.972 til Stefanusalliansen. Det er også samla inn til fleire andre organisasjonar i 2025.

Gjevarteneste ungdomsarbeid utgjer kr 207.975 i 2025 og er brukt til å delvis dekke utgiftene til ungdomsteam, som i 2025 er rekna til kr 301.889. Gjevarteneste til eige arbeid utgjer kr 97.200. Vidare har Hjelme og Blomvåg sokn motteke gåver frå andre på til saman kr 274.867 eks. Gospelteens. Av dette er det mellom anna motteke kr 109.495 til barne- og ungdomsarbeid inkl. basar, kr 58.888 til misjonsprosjekt Stefanusalliansen, og kr 39.099 til misjonsløp (Thailand).

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Hjelme og Blomvåg sokneråd på mange ulike måtar i 2025.

